



Byggmester Markhus AS  
Kokstaddalen 6  
5257 KOKSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5458 - 16/20052

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
14.07.2016

## Igangsettingsløyve - omlegging av VA-anlegg - gbnr 137/779 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 377/16**

**Tiltakshavar:** Byggmester Markhus AS

**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Markhus AS

**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-3, jf. § 21-4, 3. ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av arbeidet med omlegging av VA-anlegg, som førebuing til utbygging av Hordasmibakken bustadområde.

Kommunen har i vedtak av 18.11.2014 gjeve rammeløyve for flytting av VA-anlegg frå tomta ut i kommunevegen.

Ny ansvarleg søkar er også tiltakshavar. I søknaden er det opplyst eigdommen skal overtakast frå 01.07.2016. Heimsovergang er ikkje registrert pr dags dato.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden om igangsettingsløyve var komplett og klar for handsaming ved mottak 01.07.2016 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne datoen, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen godkjenner tiltaksklasse slik det er søkt om.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til igangsetting av utvendig VA og legging av botnledning for oppføring av inspeksjonshall på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve av 08.06.2016 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Arbeidstilsynet sitt vedtak av 14.06.2016 skal følgjast opp**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 14/5458**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Lindås Tomteselskap  
Teknisk drift

Hagelia 4

5914

ISDALSTØ

**Mottakrar:**

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6 5257

KOKSTAD